



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Handlingsplan cruisestrategi for Vestlandsfylka 2018 – 2020 revidert utkast pr januar 2018

HANDLINGSPLAN, CRUISESTRATEGI FOR VESTLANDSFYLKA

Innleiing

Cruisetrafikken til Vestlandsfylka har dei seinare åra auka kraftig, og utgjer etter kvart ein viktig del av den samla reiselivsnæringa på Vestlandet. Om lag 70 prosent av all cruisetrafikk i Noreg skjer i dei fire Vestlandsfylka. Det er i alt 17 hamner som tek i mot cruiseskip på Vestlandet, frå Bergen som største cruisehamn i Noreg til nokre av dei minst nytta cruisehamnene i Noreg.

I følgje ei prognose som er arbeida fram av Transportøkonomisk Institutt kan talet på cruiseturistar doblast mot 2041 (Dybedal, Farstad, Winther & Landa-Mata, 2015). Det er mange moglegheiter knytt til denne auken. Samstundes fører ein slik auke med seg ein del utfordringar. Ei av utfordringane er knytt til utsleppa frå cruiseskipa medan dei ligg til kai, der både luft- og vassforureining kan vere eit problem. Det er også ein del utfordringar knytt til det å få auka dei positive ringverknadane til reiselivsnæringa i nærliken av hamnene, med andre ord auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivsbedrifter som leverer til cruiseindustrien. Det er også svært ønskeleg at fleire reiselivsbedrifter kan levere aktivitetar og opplevelingar til cruiseindustrien.

For å få eit tydelegare bilete på vegen vidare har dei fire fylkeskommunane på Vestlandet arbeida fram ein felles cruisestrategi for regionen, «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020». Denne vart politisk vedteken av Vestlandsrådet 10. november 2016. Føremålet med cruisestrategien er å støtte opp om visjonen i den overordna reiselivsstrategien for Vestlandet, og å arbeide vidare med problemstillingar knytt til cruiseturisme. Dette vil ein oppnå gjennom klare og målretta strategiar for vidare utvikling av cruise som ein del av reiselivsnæringa i landsdelen. Visjonen i reiselivsstrategien er: *«Det mest berekraftige reisemålet i Europa, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevelinger»*. Hovudmålet for cruisestrategien er: *«Cruiseturismen i Vestlands-regionen skal utviklast som ein del av reiselivsnæringa på ein berekraftig måte, slik at ein tek vare på natur, kultur og miljø. Cruiseturismen skal bidra til auka lokal verdiskaping og lønsemd i regionen»*. Dette skal skje gjennom fleire delmål og strategiar. Vestlandsrådet bad om at det blir lagt fram ein handlingsplan for å nå måla i strategien.

Handlingsplanen er utarbeida av Trond Amland, 2469 Reiselivsutvikling AS, på oppdrag frå dei fire vestlandsfylka. Ei arbeidsgruppe med dei reiselivsansvarlege i dei fire vestlandsfylka har gjeve mange nytte innspel og har vore til stor hjelp i utarbeidingsa av handlingsplanen. Ei styringsgruppe med næringsansvarlege i dei fire vestlandsfylka har også vore tett på arbeidet med handlingsplanen. Gruppa har mellom anna jobba med utgangspunkt i dei mange innspela som kom inn under arbeidet med strategiplanen.

Cruisetrafikk til Noreg 2016

Talet på cruiseanløp til Noreg i 2016 var 1 809, ei auke på 5% frå 2015. Totalt var det 658 882 cruisepassasjerar til Noreg, noko som utgjer 2,7 millionar dagspassasjerar til norske destinasjonar. Dette var ei auke på 8,5% samanlikna med 2015.

Cruisetrafikk til Vestlandsregionen 2016

Til Vestlandsregionen var det 1 260 anløp i 2016. Dette utgjer heile 68% av alle cruiseanløp til Noreg. Andelen var 66% i 2015. Talet på dagspassasjerar til Vestlandsregionen i 2016 var 1 959 626. Dette utgjer 72,5% av alle dagsbesøk til Noreg, ei auke frå 69% i 2015.

Prognose cruisetrafikk 2017

I 2017 er det framleis 17 hamner i regionen som tar i mot cruiseanløp. I 2016 var det 18 hamner. Dette er hamner som er registrerte som aksjonærar i Cruise Norway AS. I tillegg er det nokre mindre hamner som ikkje er med i Cruise Norway AS, og som har eit mindre tal anløp. Desse er ikkje med i dei nasjonale statistikkane for cruiseanløp og cruisepassasjerar.

Prognosar for cruisetrafikken til Noreg i 2017 er 1 887 cruiseanløp (+4%) og 3 067 000 dagspassasjerar (+13%) frå 2016.

For Vestlandsregionen viser prognosene ei auke frå 1 260 anløp i 2016 til 1 308 anløp i 2017. Dette er ei auke på 78 anløp (+6%). Prognosene viser at talet på dagspassasjerar vil auke frå 1 959 626 i 2016 til 2 212 760 dagspassasjerar i 2017. Dette er ei auke på 253 134 dagspassasjerar (+13%).

Vestlandet sin del av den totale cruisetrafikken til Noreg vil med utgangspunkt i prognosane for 2017 vere 69% for tal cruiseanløp, mot 68 % i 2016. Når det gjeld dagsbesøk er andelen 72% i 2017 mot 72,5% i 2016. Prognosetala for 2017 viser ein auke i tal dagspassasjerar i alle fire fjordfylka målt mot 2016. Samla auke for Vestlandsregionen er omlag 253 000 dagspassasjerar (+13%). Samanliknar ein tilsvarende tal for 2015 med 2017 er auka i tal dagspassasjerar på 482 837. Dette er ei auke på 28% frå 2015 til 2017. Tala for 2017 er dei høgste tala som er registrert innan cruise, både til Noreg og til Vestlandsregionen.

Nedanfor følgjer fordeling av anløp og dagspassasjerar for kvart av dei fire fjordfylka og samla for Vestlandet for perioden 2016 og 2017.

Samla tal cruisetrafikk i Vestlandsfylka 2016-2017				
	Tal cruiseanløp		Tal dagspassasjerar	
	2016	2017	2016	2017
Møre og Romsdal	395	418	653 981	683 941
Hordaland	366	419	573 937	639 700
Sogn og Fjordane	277	257	404 258	463 319
Rogaland	184	211	323 516	425 100
Totalt	1 230	1 308	1 959 626	2 212 760
Endring		+ 78 (+6%)		+ 253 134 (+13%)

Om handlingsplanen

Handlingsplanen har som føremål å omsetje strategiar til konkrete tiltak som skal bidra til at vi når måla våre. For ein region som Vestlandet er dette utfordrande og krevjande. Det er fire fylkeskommunar som skal stå bak tiltaka i regi av Vestlandsrådet. Regionen står for omlag 70 % av cruisetrafikken til Noreg, og det er store variasjonar i reisemåla sin storleik og kor mange cruisepassasjerar og cruiseanløp dei tek imot. Reisemåla har også ulik situasjon når det gjeld infrastruktur og logistikkløysingar. Det er viktig å ha i minne dei store skilnadane mellom reisemål som til dømes større byar og mindre lokalsamfunn, og at dei ulike reisemåla står overfor ulike utfordringar og moglegheiter.

Dette er ein handlingsplan for Vestlandsfylka med fokus på tilhøve knytt til cruisebesøk til regionen, næringsutvikling og potensialet for dette i regionen. Handlingsplanen omfattar ikkje tiltak knytt til produksjon av reiselivstenester eller anna leverandørindustriar, og heller ikkje marknadsføring og profilering av regionen. Vi konsentrerer oss om tiltak som skal optimalisere effekten av cruisebesøkande til regionen og som kan påverke utviklinga i ein berekraftig retning.

Fylkeskommunane har roller som tenesteprodusent, forvaltar av regelverk og samfunnsutviklar. Samansettinga av oppgåver består både av lovpålagte oppgåver, og oppgåver og roller som fylkeskommunane sjølv har teke initiativ til ut i frå eigne vurderingar og prioriteringar. Eit viktig kjenneteikn

med fylkeskommunane si arbeidsform er at politikkutforming og oppgåveløysing ofte skjer gjennom nettverksbasert samhandling og samarbeid med kommunane, regional statsforvaltning, kompetanseinstitusjonar og frivillige og private aktørar. Kommunelova sin §1 seier følgjande: «*Formålet med denne lov er å legge tilhøva til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innanfor ramma av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling. Loven skal også legge til rette for en tillitskapande forvaltning som bygger på en høy etisk standard.*»

Tiltak kan ha form av utviklingstiltak, avgrensingar, påbod, forbod og restriksjonar. Regionen har i avgrensa grad mogelegheit til å innføre regionale tiltak i form av lover og forskrifter, men kan nytte dei mogelegheitene som forvaltningsansvaret og handlingsrommet til fylkeskommunane tilseier.

Tiltak kan også ha preg av oppmodingar og meir belønningsorienterte tiltak der ein legg til rette for ein positiv "vinst" for dei som følgjer desse. Det kan til dømes vere ulike former for stønad og tilskot. Her kan ein leggje til rette for ordningar som gjev ei form for påskjøning for næringsutøvarar dersom dei følgjer opp i den retninga som den regionale strategien tilseier.

Fylkeskommunane har eit stort ansvar for å leggje til rette for ei framtidig cruisenæringer i høve til miljø og klima, samanlikna med verdiskapingsområdet – som bedriftene har eit meir dedikert ansvar for. Handlingsplanen vil følgjeleg skildre fleire tiltak på innsatsområdet miljø og klima enn på verdiskaping. Men dette betyr ikkje at verdiskaping er mindre viktig enn miljø og klima.

Tiltak som er tekne med i handlingsplanen er mellom anna innspel frå næringa i som kom fram under høyringsrunden som vart gjennomført i samband med utarbeidingsa av cruisestrategien for Vestlandsfylka. Her kom det ei rekke innspel til tiltak som regionen kan setje i verk. Vidare er det gjennomført intervju og samtalar med nokre utvalde representantar frå dei ulike delane av cruisenæringer, som også har gjeve gode innspel til handlingsplanen.

Det er også viktig å presisere at det ikkje er meiningsa at fylkeskommunane skal utføre alle tiltak. Det handlar i stor grad om at fylkeskommunane er pådrivar, initiativtakar og igangsetjar. Tiltaka må bli utført av dei som er naturleg er den utførande part, medan fylkeskommunen si rolle i det alt vesentlege er å ta initiativ til at tiltaka vert satt i verk. Difor er fylkeskommunane ført opp i avsnitt med forslag til ansvarleg, nettopp for å ta initiativ til å setje i verk, medan det er andre som vil vere naturleg som dei utførande og leiande bedrift/organisasjon for dei ulike tiltaka.

Tiltaka er rangert i ein rekkefølge 1, 2 eller 3. Dette seier noko om prioritering i tid og er ikkje eit utrykk for kor viktige tiltaka er.

Handlingsplanen vil vere ein kombinasjon av "pisk og gulrot" som til saman skal bidra til å oppnå dei måla som er vedteke for Vestlandsfylka si utvikling som ein berekraftig region, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevelingar.

MÅL OG STRATEGIAR 2016 – 2020

Visjon

"Det mest berekraftige reisemålet i Europa, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevingar».

Hovudmål Cruise

Cruiseturismen i Vestlandsfylka skal utviklast som ein del av reiselivsnæringa på ein berekraftig måte slik at ein tek vare på natur, kultur og miljø. Cruiseturismen skal bidra til auka lokal verdiskaping og lønsemrd i regionen.

1. Innsatsområde miljø og klima

Delmål, miljø og klima

- Vestlandsregionen skal vere internasjonalt leiande på berekraftig cruiseturisme.
- Cruiseturismen i regionen skal utviklast i samsvar med UNWTO sine 10 prinsipp for berekraftig reiseliv.
- Betre spreiing av trafikken mellom hamner og gjennom sesongforlenging.
- Få fram betre og meir oppdatert datagrunnlag og kunnskap om dei miljømessige konsekvensane av cruisetrafikken, både regionalt og nasjonalt.
- Legge til rette for at cruiseturistane i størst mogleg grad tek i bruk miljøvenlege transportformer i hamner og i reisemål.

Strategiar, miljø og klima

- Statfeste Vestlandsregionen sin posisjon som ein miljøbevisst cruisedestinasjon med høge krav i alle ledd der kvalitet vert prioritert framfor kvantitet.
- Støtte opp om og motivere til miljøfremjande tiltak som styrker cruisetrafikken som ein berekraftig del av reiselivsnæringa i regionen.
- Greie ut om ein skal legge til rette for landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i regionen.
- Påverke det nasjonale arbeidet for ei berekraftig utvikling av cruiseturismen i Noreg.
- Utarbeide ei analyse som syner moglegitene for å innføre ein nasjonalt fellesgodefinansiering.
- Stimulere til at fleire reisemål og bedrifter blir miljøsertifiserte gjennom ulike miljømerkingar.
- Kartleggje og hente kunnskap frå "best practice"-reisemål som har lukkast med ei berekraftig utvikling.

Tiltak

1. Oppmode om at det vert sett i verk ei nasjonal utgreiing med konkrete tilrådingar til kva type energibruk som vil vere framtida for cruisenæringa.
2. Konsekvensanalyse av cruisehamner i regionen med stor trafikk.
3. Sikre at risikoen knytt til cruisetrafikk er innarbeida i beredskapsplaner for ei mogeleg uønskt hending knytt til cruisetrafikk i regionen .
4. Påverke til at revidert Hamne- og farvasslov er tydeleg når det gjeld lokal mynde og ikkje gjev grunnlag for ulik tolking.
5. Be om at tilrådingane frå Sjøfartsdirektoratet med konkrete miljøtiltak for Verdsarvfjordane også vert innført i heile regionen og seinare også på nasjonalt nivå.

6. Støtte hamnene sitt utviklingsarbeid med eit nytt miljøindekssystem for cruiseskip (EPI) og bidra til å sikre at dette blir et godt system.
7. Ta initiativ til at det vert etablert ein eigen, nasjonal reiselivsmonitor som cruise er ein del av.
8. Sikre oppdatert kunnskap om effektar og kva cruiseanløp til regionen betyr for avfalls- og klimautslepp til sjø og luft, inkludert å hindre innføring og spreiling av framande arter.
9. Kartlegge og hente kunnskap frå "best practice" reisemål som har lukkast med eller er i gang med konkrete tiltak for å oppnå ei berekraftig utvikling av cruisenæringa.
10. Utarbeide retningslinjer og tilrådde løysingar for transport i hamn og på land knytt til cruisetrafikk i Vestlandsfylka.
11. Fellesgodefinsiering

Tiltak 1 Reinare cruisetrafikk gjennom morgondagens løysingar.	
Skildring av tiltaket	<p>Det er i dag ulike syn på kva slags type energibruk som vil vere det mest vanlege for cruiseskip å nytta i åra framover, og som det vil vere rett å legge til rette for. Landstraum er ei av fleire løysingar som kan redusere utsleppa frå cruisetrafikken når skipa ligg i hamn. Mange ser likevel ikkje det som sikkert at dette er den mest berekraftige løysinga knytt til cruiseskipa sitt miljøavtrykk. Aktuell form for energibruk er stadig i utvikling og endring. Dette bør greiast ut før ein går til store investeringar knytt til energiforsyning til cruiseskip som det ikkje vil vere marknad for i framtida eller som fører med seg urimeleg store innkjøp som til dømes framføring av kraft. Vestlandsregionen kan vere pådrivar for å få sett i verk ei utgreiing som drøftar desse spørsmåla. Ettersom utviklinga på dette feltet går svært raskt er det viktig med oppdatert og framtidsretta vurderingar. Det ligg i dag nokre føringar for å etablere Landstraum til cruiseskip i norske hamner, men det finnes også andre aktuelle alternativ som bør vurderast. Ein må også sjå på det heilskaplege biletet og vurdere løysingar som tek omsyn til cruiseskipa sitt energibruk både i hamn og under fart.</p>
Innhald	<p>Utgreiinga må gjere vurderingar ut i frå alle de 10 berekraftprinsippa slik at både lokale tilhøve, miljø og økonomi vert gjennomgått. Ein bør sjå på framtidige løysingar som gjeld cruiseskipa sitt energiforbruk både i hamn og under segling. Kva for løysingar er det mogeleg å realisere, og kva konkrete tiltak kan ein gjere for å oppnå måla om låg- eller null utslepp frå cruiseskip i hamn og under fart. I tillegg må vurderinga sjåast i lys av kva som skjer internasjonalt i cruisenæringa og bygging av nye cruiseskip med omsyn til form for energibruk. Konsekvensane for ulike løysingar må også bli vurdert. Ein bør også vurdere om Vestlandsregionen skal delta internasjonalt i prosjekt som tek opp desse spørsmåla, til dømes gjennom Nordsjøkommisjonen. Utgreiinga bør også vurdere om det er grunnlag for å utarbeide planar for eit regionalt anlegg som kan levere energi til cruiseskip som kjem til regionen.</p>
Forslag til ansvarleg	<p>Tiltaket bør løftast opp på nasjonalt nivå. Regionen kan då arbeide for at det nasjonalt vert sett i gang ei slik utgreiing, gjerne med Vestlandsregionen som pilot i arbeidet.</p>
Forslag til samarbeidspartnarar	<p>Fylkeskommunane, miljøorganisasjonar, Sjøfartsdirektoratet, Norske Hamner og Klima- og miljødepartementet, Vestlandsforskning.</p>
Ressursar/finansiering	
Rekkefylgje/prioritering i tid	

Tiltak 2 Konsekvensanalyse av cruisehamnar med stor trafikk
Skildring av tiltaket
Oppmode alle cruisehamner av ein viss storleik om å utarbeide konsekvensanalysar med forslag til eigne forbetingstiltak. Her må ein også sjå på konsekvensane av både land- og sjøbasert trafikk slik at totalbelastninga for ein destinasjon vert vurdert.
Innhald
Konsekvensanalysa bør utførast i høve til ei standardisert sjekkliste og der ein nyttar ei praktisk "verktøykasse" med rettleiing og retningslinjer for ei berekraftig utvikling av cruisedestinasjonane i regionen. Verktøykassa kan seinare bli brukt som eit nasjonalt planleggingsverktøy og vere ein del av ei heilskapleg reisemålplanlegging for destinasjonar.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane som pådrivar overfor destinasjonar og kommunar
Forslag til samarbeidspartnarar
Kommunar, fylkeskommunar, lokale hamnevesen, Cruise Norway, destinasjonsselskap og Innovasjon Norge
Ressursar/finansiering
Rekkefylgje/prioritering i tid
1

Tiltak 3 Risiko som cruisetrafikken representerer
Skildring av tiltaket
Det kan få svært store konsekvensar dersom det skulle skje ei uønskt hending på eit cruisefartøy, t.d. brann, utbrot av smitte, grunnstøyting, kollisjon og liknande. Det er viktig at styresmaktar med beredskapsansvar er medvitne om risikopotensalet cruisetrafikken representerer, og planlegg korleis uønskte hendingar skal handterast. I beredskapen for cruisetrafikk vil Fylkesmannen primært ha ei rolle som pådrivar og rettleiar for kommunal kriseleiing. Ansvaret for den operative krisehandteringa vil ligge til redningstenesta ved Hovudredningssentralen eller lokal redningsleiing (politiet).
I redningstenesta inngår naudetatane og kommunehelsenesta. Kommunane har dessutan ansvar for brannvesenet. For regionen må risikoen cruisebesök representerer vere ein del av dei ordinære beredskapssistema i alle kommunar som har cruisetrafikk, slik at ein er rusta for å handtere uønskte hendingar knytt til cruisebesök.
Innhald
Vestlandsrådet kan be om ei orientering frå politidistriktet i kvart fylke om korleis risikoen knytt til cruisebesök er innarbeida i beredskapsplaner for ein mogeleg uønskt hending knytt til cruisetrafikk. Temaet kan også vere ein del av ein nasjonal cruisekonferanse.

Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane tek initiativ til å få belyst problemstillinga
Forslag til samarbeidspartnarar
Politidistrikta, helseføretaka, Fylkesmann i kvart fylke og fylkeskommunar, DSB, Kystverket, kommunar, lokale hamner
Ressursar/finansiering
Rekkjefylje/prioritering i tid
1

Tiltak 4 Ny Hamne- og farvasslov	
Skildring av tiltaket	Hamne- og farvasslova er under revidering. Eit offentleg lovutval skal greie ut forslag til ny hamne- og farvasslov. Utvalet skal levere sin rapport til Samferdselsdepartementet innan 1. mars 2018. Arbeidet med lova bør påverkast slik at ho vert tydelegare og gjev lokal råderett over utviklinga i den einskilde cruisehamna. Særleg gjeld dette forhold knytt til den såkalla mottaksplika og lokalt mynde til å setje øvre grenser for anløp og passasjertal.
Innhald	Politisk nivå bør bli informert og påverka til å ta opp sentrale spørsmål knytt til lova når ho skal handsamast i Stortinget. Dette gjeld særleg den lokale råderetten og lokal mynde til å styre volum på cruisetrafikk i den einskilde hamn. Lova vert tolka ulikt av dei ulike hamnene i dag og det er uklart kva mottaksplikt for hamnene betyr. Difor er det behov for ei presisering i ny lovtekst. Når ny lov er vedtatt må ho bli kommunisert til alle hamner, og regionen kan samordne tiltak slik at ei tydeleggjering vert formidla for å sikre lik praksis.
Forslag til ansvarleg	Fylkeskommunane som pådrivar for klargjering av sentrale punkt i lova og som koordinator for informasjon og felles forståing av revidert lov.
Forslag til samarbeidspartnarar	Justisdepartementet, Samferdselsdepartementet, Kystverket, lokale hamner
Ressursar/finansiering	
Rekkefylje/prioritering tid	
1	

Tiltak 5 Sjøfartsdirektoratet sine 9 konkrete tiltak for å redusere utslepp og dei negative påverknadene av miljøet i dei tre Verdsarvfjordane

Skildring av tiltaket
Sjøfartsdirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet samordna og gjennomført ein prosess med sikte på å kartleggje utslepp i norske fjordar med cruisetrafikk. Oppdraget vart avgrensa til å gjelde dei tre verdsarvfjordane Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Basert på resultata frå kartlegginga føreslår Sjøfartsdirektoratet 9 konkrete tiltak for å redusere utslepp og den negative påverknaden av miljøet i Verdsarvfjordane.
Innhald
Vestlandsfylka kan handsame forslaga til tiltak og bør gje ei politisk tilslutnad til Klima- og miljødepartementet om at desse må bli følgd opp og innført. Vestlandsfylka går inn for at anbefalingane frå Sjøfartsdirektoratet også skal innførast på nasjonalt nivå, ikkje berre i Verdsarvfjordane. Dette både for å oppnå større positive miljø- og klimaverknader og for å unngå særbehandling og konkurransevriding. Ein bør her også vurdere regulering av øvre fartsgrense for cruiseskip i kystfarvatn og i indre farvatn.
Forslag til ansvarleg
Vestlandsrådet, Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnarar
Fylkeskommunane, Sjøfartsdirektoratet, Stiftinga Verdsarvfjordane, lokale hamner
Ressursar/finansiering
Rekkefylgje/prioritering i tid
1

Tiltak 6 EPI – Environmental Port Index
Skildring av tiltaket
Nokre hamner har gått saman om å utarbeide eit felles verktøy (EPI) der cruiseskip må dokumentere utslepp til sjø og luft, avfallshandtering og energibruk. Dette vert vurdert etter ein indeks som så skal danne grunnlag for korleis hamnene skal avgiftsbelaste skipa mot anløpsavgift og hamneavgift i høve til kor miljøvenlege dei er med tanke på utslepp når skipa ligg i hamn. Deltakarane i prosjektet er Stranda hamnevesen, Aurland hamnevesen, Bergen og Omland Hamnevesen (prosjektansvarleg), Stavangerregionen Hamn, Oslo Hamn, Ålesund regionens Hamnevesen, Molde og Romsdal Havn IKS, Trondheim Hamn, Norske Hamner, Innovasjon Norge og Kystverket. Prosjektet tek utgangspunkt i behovet til en del sentrale og store cruisehamner, men løysninga vil bli gjort tilgjengeleg for alle hamner som ønskjer å ta denne i bruk.
Innhald
Tiltaket er under utarbeiding og regionen kan opprette dialog og kontakt for å stimulere til at tiltaket vert vidareført og utvida til flest mogeleg cruisehamner. Ein kan støtte prosessen for å sikre at dette blir et godt system. Hamnene er innstilt på å drifta ordninga sjølv.
Forslag til ansvarleg
Bergen og Omland hamnevesen og fleire andre hamner
Forslag til samarbeidspartnarar
Dei lokale hamnene, Innovasjon Norge, Norske Havner
Ressursar/finansiering

Vestlandsrådet bør støtte tiltaket økonomisk i utviklingsfasen og følgje tiltaket med tanke på at dette vert sett i verk i alle cruisehamner.
Rekkjefylgje/prioritering i tid
1

Tiltak 7 Reiselivsmonitor
Skildring av tiltaket
Regionen tek initiativ til at det vert etablert ein nasjonal reiselivsmonitor som cruise er ein del av, og som m.a. kan gi ein årleg status på om det går mot ei meir berekraftig utvikling av cruisetrafikken både i eit næringsperspektiv og i eit miljø- og klimaperspektiv. Dette må gjerast heilt ned på kvar enkelt hamn/reisemål. Reiselivsmonitoren bør også innehalde konkrete mål for kva ein vil oppnå på kort og lang sikt. Utgangspunktet for ein reiselivsmonitor bør være ein nullpunktanalyse som bør utførast av ein tredjepart som er nøytral og som gjev analysen validitet. Innovasjon Norge kan ha eit nasjonalt, koordinerande ansvar for reiselivsmonitoren.
Innhald
Etablere ein nasjonal reiselivsmonitor med sentrale måleiningar innanfor områda økonomi, arbeidsplassar, verdiskaping og trafikkanalyse. Vri målingane bort frå talet på overnattingar, gjester og anløp over til omsetnad og lønsemd. Når det gjeld den delen som skal handle om cruise må ein sjå til det arbeidet som forskingsprosjektet "Sustainable cruises" gjennomfører, og nytte forskingsresultat som grunnlag for nullpunktanalysen. Sjøfartsdirektoratet sin rapport kan også nyttast som grunnlag og som kjelde for analysen. Det er naturleg at Innovasjon Norge er det nasjonale, koordinerande organet som gjer tal og fakta tilgjengelege for kvar hamn og for regionen samla. Ein viser også til at dette også er eit tiltak som hører inn under verdiskapingstiltak, men er teken med her då det i stor grad også handlar om miljø- og klimamonitorering.
Forslag til ansvarleg
Innovasjon Norge som koordinerande organ, Vestlandsrådet som initiativtakar
Forslag til samarbeidspartnarar
Innovasjon Norge, landsdelselskapet, lokale hamner, Vestlandsforskning, Sjøfartsdirektoratet mfl.
Ressursar/finansiering
Innovasjon Norge innarbeider tiltaket i sine handlingsplanar
Rekkjefylgje/prioritering i tid
2

Tiltak 8 Betre faktagrunnlag om cruisetrafikken si innverknad på miljø og klima i regionen
Skildring av tiltaket
Bortsett frå Sjøfartsdirektoratet sin rapport med målingar av utslepp og forureining frå tre konkrete fjordar er det mangel på fakta og kunnskap om storleiken på forureining frå cruisetrafikken. Regionen treng framleis kunnskap for å kunne gjøre dei rette tiltaka. Det er difor behov for oppdatert kunnskap om effektar og på kva cruiseanløp til regionen betyr for avfalls- og klimautslepp til sjø og luft og erosjon/washing-problematikk i fjordane som følgje av fartsnivå og bølgjer. Tiltaket vil også vere eit viktig grunnlag for utarbeidning av ein reiselivsmonitor, ref. tiltak 8.
Innhald
Det må definerast nærmare kva type fakta ein treng og kva ein treng å vite meir om. Det regionale forskingsprosjektet "Sustainable cruises" kan vere eit utgangspunkt for kva ein veit og kva det er naudsynt å kartlegge meir konkret, og kva ein treng meir kunnskap om.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnarar
Vestlandsforskning, Sjøfartsdirektoratet, TØI, NHH, UiS
Ressursar/finansiering
Rekkjefylgje/prioritering i tid
2

Tiltak 9 Kunnskap frå "best practice" reisemål
Skildring av tiltaket
Kartleggje og hente kunnskap frå "best practice" reisemål som har lukkast med eller er i gang med konkrete tiltak for å oppnå ei berekraftig utvikling. Fleire byar og reisemål er populære og har store cruisehamner som har opplevd protestar frå lokalbefolkinga og fråflytting som følgje av for mange turistar. Dei har også sett i verk ulike tiltak for å betre dialogen med og tilhøva for lokalbefolkinga og for å avgrense turismen.
Innhald
Arrangere ein studietur for næringa i regionen og for aktuelle partar innafor det offentlege for å lære meir frå dei som har lukkast med å få til ei berekraftig utvikling av cruisetrafikk. Arrangere ein nasjonal konferanse der ein drøftar nasjonale tiltak knytt til cruisetrafikk og miljø og der næringa møter forskingsmiljø som kan presentere ny kunnskap. Slik kan regionen sette desse spørsmåla på dagsorden, leie arbeidet og være pådrivar for at det skjer ei utvikling i positiv retning på nasjonalt plan. Til ein slik konferanse må ein hente inn internasjonale ressurspersonar som kan tilføre norsk cruisenæring ny kunnskap og gode erfaringar.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnarar
Kommunar, destinasjonsselskap, lokale hamnemynde, Innovasjon Norge, Vestlandsforskning

Ressursar/finansiering
Rekkjefylge/prioritering i tid
2

Tiltak 10 Retningslinjer for ei meir miljøvenleg landstransport knytt til cruisetrafikk
Skildring av tiltaket
Det vert utvikla retningslinjer og tilrådde løysingar for transport i hamn og land knytt til cruisetrafikk. Retningslinjene vert kommunisert til alle hamner og destinasjonsselskap med oppmoding om å utvikle tilbodet i tråd med retningslinjene. Fylkeskommunane og Innovasjon Norge prioriterer stønad til utviklingstiltak som bidreg til meir miljøvenlege løysningar og som kan skape grunnlag for nye, landbaserte arbeidsplasser. Til dømes at ein i cruisehamner der ein nyttar tenderbåtar til og frå cruiseskip legg til rette for at desse tenestene kan kjøpast lokalt og at ein nyttar elektriske/miljøvenlege tenderbåtar.
Innhald
I retningslinjene/tilrådde løysingar legg ein m.a. inn for miljøvennlige løysingar som elektriske busser, sykkeltilbod, elektrifiserte tenderbåtar m.m.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnare
ENOVA, lokale kommunar, samferdselavdelingar i fylkeskommunane, destinasjonsselskap, lokale hamner, Cruise Norway, bedrifter
Ressursar/finansiering
Rekkjefylge/prioritering i tid
3

Tiltak 11 Fellesgodefinansiering
Skildring av tiltaket
Ta initiativ til ei utgreiing om ein heilskapleg, regional plan for finansiering og tilrettelegging for regional infrastruktur og fellesgode. Planen kan ein nytte til lokal utvikling av infrastruktur og andre fellesgodetiltak i regionen, basert på den enkelte region sitt behov vurdert med utgangspunkt i kommunen sitt eige innbyggartal, tal på besøkande osb.
Innhald
Det er behov for betre tilrettelegging av infrastruktur som lettar den negative innverknaden på eksisterande infrastruktur frå cruisetrafikk og frå anna volumbasert reisetrafikk inn til regionen. Dei norske fjordane er særskilt sårbare for forureining og eit særskilt miljøvederlag pr. passasjer

og pr. hamn kan også vurderast som en del av ein fellesgodefinansiering frå cruisebesøkjande eller frå reiarlaga. Ei eiga avgift eller vederlag frå mellom anna cruisenæringa kan vere eit tiltak for å dimensjonere trafikken, samstundes som cruisenæringa gjennom ei slik ordning bidreg særskilt til å betale for bruken av fellesgode og for bruk av naturen. Ei anna løysing kan vere at det offentlege finansierar denne tilrettelegginga. Slike ordningar finn ein i fleire andre land og ein bør studere desse og verknadene av slike ordningar som ei del av utgreiinga. Ei utgreiing må sjå på ulike modeller og ordningar, storleik, mogelege konsekvensar, kva type reisetrafikk ordninga skal omfatte og kva for tiltak fellesgodefinansieringa skal prioritere i regionen. Ein bør også vurdere om dette skal vere ein nasjonal ordning.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnarar
Vestlandsrådet, fylkeskommunane, kommunane, Innovasjon Norge, NHO Reiseliv, Virke Reiseliv, lokale destinasjonsselskap, bedrifter og Vestlandsforskning.
Ressursar/finansiering
Rekkjefylge/prioritering i tid
1

2. Innsatsområde verdiskaping

Delmål, verdiskaping

- Auka landbasert, lokal verdiskaping knytt til cruisetrafikken i Vestlandsregionen.
- Auka marknadsdel av dei mest kjøpsterke og betalingdyktige cruisejestane.
- Fleire heilårlege arbeidsplassar i regionen knytt til cruiseturismen.
- Utvide talet på lokale bedrifter som har økonomisk nytte av cruisetrafikken.
- Identifisere og utvikle nye næringar knytt til cruisetrafikken i regionen.
- Fleire cruiseanløp utanfor sommarsesongen der det kan leggjast til rette for dette.

Strategiar, verdiskaping

- Arbeide for at ei nasjonal ordning for fellesgodefinansiering for heile reiselivsnæringa, inkludert cruise vert greidd ut.
- Arbeide for fleire anløp til snuhamner i Vestlandsregionen.
- Utarbeide ei analyse der ein greier ut verdiskaping og lønsemrd knytt til cruisetrafikken i Vestlandsregionen.
- Greie ut moglegitetene og potensialet for etablering av eit regionalt anlegg som kan forsyne cruiseskip og anna skipsfart med framtidssretta drivstoffalternativ.

Tiltak

1. Støtte utvikling av nye attraksjonar og opplevelingar i regionen.
2. Ta initiativ til samarbeid mellom cruisenæringa og lokale matprodusentar for å få fleire lokale matleverandører til cruisenæringa.
3. Vurdere oppgåvefordeling, roller og ansvar i cruisemarknadsføringa av Vestlandsregionen.

- | | |
|--|---|
| | <p>4. Kartlegge kva som må til for at aktuelle hamner i regionen, dvs. Stavanger og Bergen, kan etablere seg som snuhamner og trekke til seg fleire snuanløp.</p> <p>5. Profesjonalisere den landbaserte næringa for å kvalifisert fleire som leverandørar til cruisenæringa.</p> |
|--|---|

Tiltak 1 Støtte utvikling av nye attraksjonar og opplevingar i regionen	
Skildring av tiltaket	Fylkeskommunane kan prioritere stønad til utviklingstiltak av attraksjonar og opplevingstilbod som kan styrke arbeidet med å spreie cruisetrafikken til fleire stader. Slik kan ein redusere presset og opphoping av passasjerar i allereie pressa hamner, destinasjonar og besøksstader. Tiltak som kan bidra til lengre sesong og tiltak i lågsesong bør også prioritert. Dette vil også kunne danne grunnlag for lokal verdiskaping , lokale arbeidsplassar og bidra til ein betre balanse i trafikkfordelinga i regionen. Slike tiltak vil også styrke den landbaserte reiselivsnæringa som også vil ha nytte av fleire attraksjonstilbod ved at regionen blir eit meir attraktivt reisemål.
Innhald	Utarbeide kriterier for tilskot og stønad til nye planar for utvikling av attraksjonar og opplevingstilbod slik at tiltak som bidreg til spreying av trafikken i eit heilårs perspektiv vert prioritert. Fylkeskommunen kan leggje føringar i oppdragsbrev til regionale Innovasjon Norge-avdelingar.
Forslag til ansvarleg	Fylkeskommunane, Innovasjon Norge
Forslag til samarbeidspartnarar	Innovasjon Norge sine regionkontor, lokale kommunar og destinasjonsselskap, bedrifter
Ressursar/finansiering	
Rekkefylgje/prioritering i tid	
1	

Tiltak 2 Lokale leveransar til cruiseskip i regionen	
Skildring av tiltaket	Fylkeskommunane kan ta initiativ til samarbeid mellom cruisenæringa og lokale matprodusentar med mål om at dei skal bli leverandørar til cruiseskip som kjem til regionen.
Innhald	Regionen har ei rekke lokalmatprodusentar som vil kunne ha stor nytte av å bli leverandørar til cruiseskipa. Det må avklara om lokale leverandører er interessert i og i stand til å levere til cruisenæringa og om det er grunnlag for å gå vidare med eit slikt prosjekt. Ein må då skape arenaer for at leverandørar som er interessert kan kome i posisjon til å selje til cruisenæringa.
	Dette krev kunnskap om marknaden, internasjonal sals- og marknadskunnskap og betre forståing av korleis denne marknaden fungerer. Næringsa må kursast og lærast opp i korleis ein når fram til beslutningstakarane. Vidare bør det bli vurdert om det skal etablerast eit regionalt felles salsapparat, evnt. styrke eit eksisterande, som kan koordinere tiltaket og presentere tilbodet som eit pilotprosjekt til et utval reiarlag, på vegne av dei interesserte lokalleverandørane. Ein må også vurdere om dette tiltaket kan koplas mot eksisterande matprosjekt.

Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane og fylkesmenn
Forslag til samarbeidspartnare
Fylkeskommunane, fylkesmenn, lokalmatprodusentar, bedrifter og interesse-organisasjonar, Cruise Norway, destinasjonsselskap, cruiseagentar og cruisereiarlag.
Ressursar/finansiering
Rekkefylgje/prioritering i tid
1

Tiltak 3 Vurdere oppgåvefordeling, roller og ansvar i cruisemarknadsføringa av Vestlandsregionen
Skildring av tiltaket
Vurdere strukturen og arbeidsfordelinga når det gjeld sal av cruiseprodukt i landsdelen. Bakgrunnen er at oppgåvefordelinga i dag ikkje sikrar at eksisterande organisasjonar som er spissa for internasjonalt sal, blir brukt i sal mot cruisesegmentet.
Innhald
Tiltaket er ei utgreiling som kartlegg korleis salsarbeidet er organisert i dag, kor effektivt dette er og om det kan vere hensiktsmessig å vurdere alternativa innanfor dei organisasjonane/destinasjonsselskapene og landsdelselskap som står for marknadsføring og sal mot andre segment i dag.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnare
Fylkeskommunane, hamner, destinasjonsselskap, landsdelsselskap, cruiseagentar, bedrifter
Ressursar/finansiering
Rekkjefylgje/prioritering I tid
2

Tiltak 4 Fleire anløp til snuhamner i Vestlandsregionen
Skildring av tiltaket
Greie ut om moglegheitene og kva som må til for at aktuelle hamner i regionen, dvs. Stavanger og Bergen, kan styrke sin posisjon som snuhamner og trekke til seg fleire snuanløp. Ein snuhamn krev så pass mykje infrastruktur slik at det i realiteten berre er Stavanger og Bergen som aktuelle i regionen. Dette vil føre til auka landbasert verdiskaping då gjestar ofte bur på hotell, handlar og nyttar restaurantar og lokale opplevings- og attraksjonstilbod. Den positive effekten for resten av regionen er stor og må ikkje undervurderast. Både Bergen og Stavanger

har allereie en rekke snuanløp i dag, til dømes hadde Bergen omlag 30 snuanløp i 2017. Fleire snuanløp ut i frå hamner i Vestlandsregionen vil tilføre andre hamner i regionen meir trafikk og såleis gje positive økonomiske ringverknader til heile regionen.
Innhald
Ei utgreiing må sjå på kva krav ein set til snuhamner, i kva grad våre største cruisehamner oppfyller desse og beskrive kva som må gjeres for å vere konkurransedyktig som snu-hamn for internasjonale cruisereiarlag.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane i Rogaland og Hordaland som er dei einaste fylkeskommunane med byar som kan få status som snuhamn med eksisterande infrastruktur.
Forslag til samarbeidspartnarar
Avinor, destinasjonsselskap og hamneselskap i Stavanger og Bergen, Cruise Norway, bedrifter
Ressursar/finansiering
Rekkjefylge/prioritering I tid
2

Tiltak 5 Profesjonalisere landbasert næring
Skildring av tiltaket
Tilby kurs og opplæring til aktørar i næringa som ynskjer å posisjonere seg for å bli leverandør til cruisenæringa. Cruisenæringa/reiarlaga er store kjøparar med stor marknadsmakt. Mindre leverandørar vert utsett for eit prispress og finn det vanskeleg å kome i posisjon til å levere til denne målgruppa. Det vert stilt strenge krav til kvalitet, sikkerhet, og leveringsdyktighet. Næringa kan bli meir profesjonell i kontakt med cruisereiarlaga og har behov for kunnskap om korleis ein skal opptre i marknaden for å lukkast, spesielt gjeld dette pakking og prising av produkta.
Innhald
Innovasjon Norge tilbyr i dag kurs for leverandørar som ynskjer å rette seg mot cruisemarknaden. Fylkeskommunane kan med utgangspunkt i eksisterande kurstilbod tilby opplæring og profesjonalisering av lokale leverandørar slik at dei står betre rusta til å kvalifisere seg som leverandørar til cruisenæringa. Dette bør gjerast i eit heilskapleg program som sikrar differensiering mellom utfluktstilboda i hamnene, utvikling av nye tilbod basert på oppdatert kunnskap om etterspurnaden, kulturforståing og vertskaps-funksjonen.
Forslag til ansvarleg
Fylkeskommunane
Forslag til samarbeidspartnarar
Fylkeskommunane, og Innovasjon Norge, lokale destinasjonsselskap, cruiseagentar og bedrifter
Ressursar/finansiering
Rekkjefylge/prioritering i tid

